elevorganisasjonen
i vestland

1.Innkalling

ELEVBØLGA

Fyrste elevforsamling

13.-15. November

1.Innkalling til EFO1 i Vestland: ELEVBØLGA

Møtedato: **13-15. November 2026**
Møtetid: **16:00, Fredag 13. November**
Møtestad: **Bergens-område**

KJÆRE MEDELEV!

Elevorganisasjonen i Vestland inviterer **DEG** til årets fyrste Elevforsamling: **ELEVBØLGA**! På ELEVBØLGA samlast elevar frå heile Vestland for å diskutere skulepolitikk, utveksle erfaringar, bli skulert, og ikkje minst ha det kjempe kjekt!



KVA ER ELEVORGANISASJONEN?

Me er elevane og lærlingane sin organisasjon. Me kjempar for ein skule på våre eigne premissar, for det er me som kjenner skulen best. Elevorganisasjonen er ein landsdekkande og partipolitisk uavhengig organisasjon som arbeidar for at alle elevar og lærlingar i Noreg skal få verdas beste skule og ei rettferdig behandling. Me i Elevorganisasjonen jobbar på frivillig basis, og me uttalar oss berre om skulepolitikk.

Sakliste for arrangementet:

Møtekonstituering:

001	Val av ordstyrar og referent	**V**
002	Godkjenning av innkalling	**V**
003	Godkjenning av referat	**V**
004	Godkjenning av møtereglar	**V**
005	Godkjenning av dagsorden	**V**

Øvrige sakar:

006	Skulane si eiga runde	**D**
007	Fylkesstyret si orientering	**O**
008	Valkomiteen si orientering	**O**
009	Distriktskomiteen si orientering	**O**
010	Økonomisk orientering	**O**
011	Skulane si eigen time	**D**
012	Orienteringsdebatt	**D**
013	Budsjettrevisjon	**D**
014	Val	**V**

Kva skjer på Elevbølga?
På Elevbølga samlast elevar frå heile Vestland for å diskutere skulepolitikk, dele erfaringar og lære korleis dei kan bli endå betre elevrådstillitsvalde! Her får du moglegheita til å bli kjend med andre engasjerte elevar, hente inspirasjon og få verktøya du treng for å skape endring på din eigen skule.



Vi får besøk av dyktige eksterne frå ulike organisasjonar som skal halde skuleringar om mellom anna korleis ein skaper engasjement, samarbeider i team, leier eit elevråd og når ut til media. Vi får òg høyre frå folk med erfaring frå politikken og lære meir om korleis ein kan påverke samfunnet rundt seg.



Sjølvsagt skal vi òg bli betre kjende med Elevorganisasjonen (EO) og arbeidet til fylkesstyret! Du får diskutere viktige saker i skulepolitikken, dele meiningane dine og kome med innspel til kva fylkesstyret bør jobbe med framover.

Elevbølga handlar om å lære, dele erfaringar og skape endring saman! I tillegg er det ein sosial møteplass der du blir kjend med mange nye folk, knyter vennskap og får minner du tek med deg heim!

Meld deg på HER!

Praktisk info

Arrangementet foregår over ei helg, og skal avheldast i Bergen område, meir info om overnatting og lokasjon kjem i 2. innkalling.

Kven kan delta?

Kvar medlemsskule er plikta til å senda éin (1) delegat med tale -, forslags – og stemmerett. Skulen kan i tillegg senda inntil sju (7) observatørar med tale – og forslagsrett. Elevane som deltek treng ikkje sitja i elevrådet, men det er elevrådet som bestemmer kven som reiser.

Får eg fråvær?

Nei, du deltek på vegner av skulen og får ikkje fråvær for at du må reise tidleg frå skulen fredag, så lenge du fortel kontaktlærar om det. Me deler òg ut dokumentasjon på deltaking til dei som treng det.

Dagsorden

Me kjem tilbake med meir informasjon om kva som skjer konkret i løpet av helga i andre (2.) innkalling.

Stille til val

På EB skal me velje desse verva:

- To (2) Fylkesstyremedlem

Alle elevar ved medlemsskular og innmelde lærlingar kan stilla til val. Du treng ikkje vere til stades under sjølve møtet for å kunna stilla.
For å stille til val eller om du lurar på noko om valet, send ein e -post til valgkom.vestland@elev.no. Det er valkomiteen som føreslår kandidatar til dei verva som skal veljast på EB. Dei vil gjennomføra intervju med alle som stiller, så ta gjerne kontakt med ein gong du veit at du vil stilla.

Melde opp ei sak

Alle medlem av Elevorganisasjonen i Vestland kan melde opp saker til behandling på Elevbølga. For å melde opp ei sak sender du e-post til vestland@elev.no, saman med nødvendig saksdokument.
Fylkesstyret vil hjelpe deg dersom du treng hjelp med å melde opp ei sak. Du finn kven som sit i fylkesstyret på elev.no/vestland.

Hvis du har spørsmål til arrangementet kan du ta kontakt med vestland@elev.no eller en av oss under!

Vi gler oss til å sjå deg!

Kontaktinformasjon

Hovudansvarleg
Oline Kaalaas
918 94 149
oline.kaalaas@elev.no

Arrangementansvarleg
Mats Johan Greenland
469 30 067
mats.greenland@elev.no

Deltakaransvarleg
Mads Lund Halland
469 57 508
mads.halland@elev.no

HMS-ansvarleg
Noomi Àsudottir Dahl
400 73 253
noomi.dahl@elev.no